

	KOMMENTAR FRÅ SAKSHANDSAMAR	ENDRING/KOMMENTAR FORSLAGSSTILLAR
	VA-planen	
1	Er det gjennomført prøvetaking av resipienten for avløpssystemet, i dette tilfellet Heggernesvatnet? Er det avklart om denne kan ta imot utslepp? Tilstanden på Heggernesvatnet vil sette krav om dimensjonering av renseanlegg.	Det er ikkje teke prøve av resipienten. Det planlagt med eit fullreinseanlegg Klasse1, med etterpoleringstank, slik som kravet vil vera når ein ikkje får utslepp direkte til sjø. Denne vil ha serviceavtale med fleire årlige kontroller, der dei også tek prøve av utsleppsvatnet. Det som vert utslepp frå anlegget vil vera bortimot heilt reint vatten, og vil såleis ikkje ha noko og seia for Heggernesvatnet i det heile. Anlegget er planlagt dimensjonert for og ta med dei 2 eksisterande bustadane også, slik at det, dersom det seinare vert stilt krav om det, kan desse også knyta seg til anlegget.
	Føresegner	
2	4.1.4: Innanfor området som no heiter BFS3 gjekk det ved handsaming i Plan- og miljøutvalet på førehand fram av føresegnene at ein ønskja einebustadar her. Jf. samtale med utvalseiar i ettertid for å vere sikre på kva Plan- og miljøutvalet meinte då dei opna for fleire bueiningar innanfor BFS3, vart det presisert av utvalseiar at dei opna opp for at det kunne førast opp inntil 8 bustadar her i betydninga 4 einebustadar med inntil 1 sekundærbueining, sidan det i planframlegget vart bede om einebustadar her i utgangspunktet. Plan- og miljøutvalet meinte ikkje å opne opp for tomannsbustadar innanfor BFS3. Vi ber difor om at de tek ut tomannsbustadar som eit alternativ innanfor område BFS3.	Ok, ny føresegn: Innanfor BFS3 kan det førast opp inntil 4 einebustader med inntil 1 sekundærbueining i kvar einebustad.
3	4.1.4: Teksta «Areal til parkering og leik må dimensjonerast tilsvarende 8 bueiningar i planområdet.» kan takast ut av føresegnene, då de allereie har auka leikearealet og areal til parkering går fram av føresegn 5.4.	Se nr. 2
4	Det ligg ikkje inne informasjon om MUA for sekundærbueiningar. Vi tilrår at de legg inn i føresegnene 50 m2 MUA pr. sekundærbueining.	Ok. §.4.1.6 er endra til Minimum privat uteopphaldsareal per hovudbustadeining er 200 m2. Minimum privat uteopphaldsareal per sekundærbustad er 50 m2.
	Planskildring	
5	Under ny tekst i 8.1 må det bli lagt inn at det også er eit alternativ å føre opp 3 tomannsbustadar, jf. vedtak i PMU og	? Det låg inne at ein kan føre opp tre tomannsbustader her, men det stod òg at det kunne førast opp fire tomannsbustader

	føresegn 4.1.3.	innanfor BFS3. Det er no endra til å ikkje inkludere tomannsbustader innanfor BFS3. Eg presiserte òg at tala her var for <u>nye</u> bustadeiningar.
6	6.13: Avløpsløysinga bør omtalast i planskildringa.	Avløpsløysinga er omtalt under 8.10 under 6.13 er det ikkje gjort endringar då dette er eksisterande situasjon. Planar for avlaup må plasserast i kapittel 8 eller 9.